



Uskedalen har eit aktivt bondelag (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bondelaga i Omvikdalen og Uskedalen skal måndag kveld klokka 20 ha eit svært aktuelt og viktig møte på Omvikdalen skule.**

**Møtet er kunngjort som STORMØTE og temaet er marknadsregulering, merkjevare, EMV og tollvern  
Det er innleiarar frå både Nortura og Fatland som får ordet før debatten.**

Den vert leia av Hans Reidar Kjærland frå Uskedalen og Lars Børge Sæberg frå Omvikdalen.



Debatteiar i Omvikdalen: Hans Reidar  
Kjærland



Debatteiar i Omvikdalen: Lars Børge  
Sæberg

**Det er grunn til å tru at det kjem sterke synspunkt på situasjonen for norsk jordbruk i eit større og lengre perspektiv. Nyleg var det temaet også i eit møte mellom regjeringspartia og Norges Bondelag.**

Regjeringa har som mål at matproduksjonen skal halda tritt med veksten i folketalet. Men sidan 1990 har folketalet auka med 8,5 prosent medan matproduksjonen har auka med 1,5 prosent.

Det auka matbehovet er i staden dekkja opp med import. Leiar i NB Nils T. Bjørke strekar under at det må til større politisk vilje og handlekraft til i satsinga på jordbruket.

I dag importerar vi halvparten av maten vi treng og 68 prosent av dei importerte matvarene kjem frå EU. Vi importerar sju ganger meir enn vi eksporterar av jordbruksvarer.

Spora av heste- og eselkjøt syner fordelane med kortreist mat. Sidan 2005 er over 7500 gardsbruk lagt ned og no er berre 3 prosent av landet vårt dyrka mark

Av Ola Matti Mathisen